



Nærøfjorden  
verneområdestyre

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Stalheim hotell  
**Dato:** 10.09.2024  
**Tidspunkt:** 17:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Orienteringssaker:

- Oppfølging etter møte med rådgjevande utval
- Status på økonomi og tiltaksplan



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 31/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 33/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 15/24	Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - utbetring av murar på stølshus - 55/1		2021/2525
RS 16/24	Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - helikoptertransport - materiale og utstyr		2023/16293
RS 17/24	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Undredal - Nedberge - Vassete		2024/11920
RS 18/24	Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - materiale til stølshus - Ljosdalen - Haugen gårdsmat - Odd Lothe Ohnstad		2024/11499
RS 19/24	Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - Helikopter - materiale til stølshus og restavfall - Ljosdalen - Odd Lothe Ohnstad		2024/11499
RS 20/24	Svar på søknad - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Undredal m.m. - utflyging av hjortevilt		2024/11920
RS 21/24	Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - innløpsterskel - motorferdsel - Øvre Brevatnet - Statkraft Energi AS		2024/8975
RS 22/24	Søknad - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Brandset / Mjølfjell skytefelt - skilting av grense		2024/10071
RS 23/24	Kunngjering - DOFFIN - Nærøyfjorden verneområdestyre - kunnskapsinnhenting for vestnorsk fjordlandskap		2024/10530
ST 34/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024		2023/12691
ST 35/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024 - Lægdene		2023/12691
ST 36/24	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Styvi - rampe - av- og påstigning frå båt - Aurland hamnevesen		2024/11943

ST 31/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
ST 32/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen  
ST 33/24 Orienteringar og referatsaker  
RS 15/24 Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo -  
utbetring av murar på stølshus - 55/1  
RS 16/24 Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen -  
helikoptertransport - materiale og utstyr  
RS 17/24 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -  
motorferdsel - helikopter - Undredal - Nedberge - Vassete  
RS 18/24 Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel  
- helikopter - materiale til stølshus - Ljosdalen - Haugen gårdsmat - Odd Lothe  
Ohnstad  
RS 19/24 Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel  
- Helikopter - materiale til stølshus og restavfall - Ljosdalen - Odd Lothe Ohnstad  
RS 20/24 Svar på søknad - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel -  
helikopter - Undredal m.m. - utflyging av hjortevilt  
RS 21/24 Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - innløpsterskel -  
motorferdsel - Øvre Brevatnet - Statkraft Energi AS  
RS 22/24 Søknad - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Brandset / Mjølfjell  
skytefelt - skilting av grense  
RS 23/24 Kunngjering - DOFFIN - Nærøyfjorden verneområdestyre -  
kunnskapsinnhenting for vestnorsk fjordlandskap



Arkivsaksnr: 2023/12691-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 03.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	34/24	10.09.2024

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024.

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til uttransport med helikopter av felt hjortevilt som er felt i hjorteviltvalda i Aurland kommune i Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og Nordheimsdalen naturreservat. Løyvet gjeld ikkje hjortevalda Dyrdal, Bakka/Tufte vest, Gudvangen, Hylland, Hemre og Styvi.

Løyve gjeld landingar og lågtflyging for inntil 6 dagar i perioden frå og med 10. september til og med 15. november 2024. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat punkt V nr. 1.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegrane si side. Det vil sei at valda i Aurland hjorteutval skal koordinere seg for å minimalisere helikoptertrafikken. Og at omfanget av kjøt som skal transporterast med helikopter må vera større enn det ein kan forventa at jegerane kan bera ut av området. Det må minimum ha vorte felt eit vakse dyr, eller fleire dyr for å nytte seg av uttransport med helikopter.
- Det er ikkje tillate med frakt av jegerar og anna persontransport ut og inn av området.
- Transport skal meldast til SNO (tlf. 97097720) dagen før transporten skal gjennomførast.
- Transport av felt hjortevilt innanfor Raudafjell villreinområde skal føregå på ein slik måte at den ikkje uroar villreinen. Dersom det er kjennskap til at villreinen er i området der det er planlagt landing eller lågtflyging, kan SNO be om at transporten vert utsett.
- Køyrebok skal fyllast ut før transporten tek til, og skal vera med under transport.
- Rapport frå transport skal sendast til Nærøyfjorden verneområdestyre innan 10.12.2024, og innehalda informasjon om dato for transport, tal landingar og transportruta.



Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskriftene, og ikkje lov om motorferdsel. Det må sendast eigen søknad til Aurland kommune for landing med helikopter.

## **Saksopplysningar**

- Helikoptertransport av hjort-/elgslakt i Aurland, uttale *Aurland kommune*, 14.08.2023
- Søknad om lågtflyging og landing i verneområde kring Nærøfjorden, Aurlandsfjorden og Flåmsdalen – *Aurland hjorteutval*, 15.08.24

## **Søknaden**

**«Søknad om lågtflyging og landing i verneområda kring Nærøfjorden, Aurlandsfjorden og Flåmsdalen.**

*Aurland hjorteutval er grunneigarane sitt organ og har som føremål å driva forvaltning av elg og hjort i området.*

*Det har kome ein førespurnad frå Aurland kommune om å hjelpa til for å forenkla og samordna utflyging av hjort og elgslakt under jakta 2024. Miljødirektoratet har drive med dette i ein del år i samband med funn av skrantesjuka i Nordfjella sone 1, og grunneigarar og kommune har meint att dette har vore eit effektivt tiltak for å få ned bestandstettleiken. For to år sidan stoppa Miljødirektoratet prosjektet med utflyging av slakt, men er tydelege på att bestandsreduksjonen framleis må fortsetja.*

*Aurland hjorteutval søkjer med dette om lågtflyging og landing i verneområda kring Nærøfjorden, Aurlandsfjorden og Flåmsdalen. Me søkjer om inntil 8 turar i perioden frå 1.september til 15.november 2024 . Det er ikkje råd å stadfesta kvar henting av slakt skal føregå så dette må bli ein avtale mellom valda og helikopterselskapet. Dette gjeld kun medlemmer i Aurland bestandsplanområde for hjort, det vil sei att valda Dyrdal, Gudvangen, Hylland og Hemre ikkje er med i søknaden.*

*Aurland hjorteutval skal i lag med medlemane plukka ut 8 aktuelle dagar for å fly ut slakt, valda sjølve må dekkja den utflyginga dei tingar. Valda sjølve må og bestilla flyging direkte til helikopterselskapet. Utflyginga er i utgangspunktet tenkt søndag ettermiddag, etter kl. 15.*

*Liknande søknad vert og sendt til Aurland kommune, og då vil alle medlemane til Aurland bestandsplanområde for hjort vera med».*

## **Søknaden er vurdert i samsvar med**

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forskrift om vern av Bleia-Storebotnen landskapsvernområde av 08.10.2004
- Forskrift om vern av Nordheimsdalen naturreservat av 17.12.1999
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008

## **Lovgrunnlaget**

Nærøfjorden landskapsvernområde



Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbrettfurma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Landing med helikopter i samband med utfrakting av jaktutbytte er det ikkje opning for i dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta.

#### Bleia-Storebotnen landskapsvernområde

Føremålet i Bleia-Storebotnen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Bleia-Storebotnen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5.1. Landing med helikopter i samband med utfrakting av jaktutbytte er det ikkje opning for i dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta.

#### Norheimsdalen naturreservat

Føremålet i Nordheimsdalen naturreservat er definert i verneforskrifta punkt III: *«Føremålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit intakt nedbørsfelt med ein skoggradient får fjøre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfald av ulike furuskogtypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkaste ein finn på Vestlandet».*

Motorferdsel på land og vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy jf. verneforskrifta punkt IV. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til naudsynt motorferdsel i samband med jakt på hjortevilt og rype jf. verneforskrifta punkt V.

#### Naturmangfaldlova

Forvaltninga kan i særskilte høve vurdere om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».* Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Jakt er definert som ein aktivitet innan friluftsliv, og det vil vera høg terskel for å gje løyve til bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte, jf. forvaltningsplan for Nærøfjorden. I område som vert vurdert som ekstremt bratt og med vanskeleg terreng, kan det vurderast å gje løyve til bruk av helikopter (forvaltningsplan s. 57). Nærøfjorden verneområdestyre har



gitt løyve til helikoptertransport for utfrakt av storviltkjøt frå hjortevalda Flenjane, Frondalen/Brekke, Horten og Stølshaug i tidlegare saker. Det har vore gitt løyve for fleire år.

Etter utbrotet av skrantesjuka i Nordfjella villreinområde sone 1 i 2017, har Miljødirektoratet v/SNO hatt tilbod om gratis uttransport av hjorteviltkjøt for å få felt meir hjortevilt kring Nordfjella. Dette har vore eit tiltak for å halda låge bestandar av hjort og elg for å redusera faren for spreining av skrantesjuka, spesielt i områda rundt Nordfjella sone 1. I tillegg meiner Miljødirektoratet at det er viktig å få ned talet på hjort og elg som oppheld seg høgt i terrenget, og har overlappende arealbruk med villrein i sone 1. Dette er område innanfor Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat, og område i Nærøfjorden landskapsvernområde på austsida av Aurlandsfjorden. Jakt i desse høgareliggjande områda er krevjande ved at terrenget er vanskeleg tilgjengeleg, og det er utfordrande å frakta ut slakt. Miljødirektoratet avslutta ordninga med gratis utflyging frå og med jakta 2022. Dei vurderer utflyginga til å ha ein høgare kostnad enn nytteverdien med å redusera bestandane av hjort og elg, og i form av forstyrringar med motorisert ferdsl.

Nærøfjorden verneområdestyre har no på andre året fått søknad frå Aurland hjorteutval. Denne søknaden gjeld dei fleste hjortevalda i Aurland kommune, og elgvaldet som omfattar heile Aurland kommune. Det er i tillegg kome søknad frå Dyrdal storvald om uttransport av felt hjortevilt med helikopter. På spørsmål frå verneområdeforvaltinga til Aurland kommune om trongen for motorisert ferdsl for uttransport av felt hjortevilt, skriv Aurland kommune i 2023 at dei er bedne om å leggja til rette for høg felling og låg bestandstettleik som eit førebyggjande tiltak mot spreining av skrantesjuka. Dette gjeld så lenge kommunane kring Nordfjella villreinområde er i brakkleggingsperioden der innføring av villrein i sone 2 vert vurdert. Aurland kommune og Aurland hjorteutval meiner utflyging av slakt gav høgare fellingstal generelt, og i høgfjellet spesielt. Kommunal viltforvaltning rår på denne bakgrunn til at ordninga med utflyging bør halda fram til brakkleggingsperioden er over. Brakkleggingsperioden er over når villrein vert reetablert i Nordfjella sone 1. Forvaltar rår difor til at alle søknader om motorisert uttransport av felt vilt vert handsama samla for kvart år i brakkleggingsperioden.

Med bakgrunn i forvaltningsplan og tidlegare saker, vurderer forvaltar det er heimel for å vurdera desse søknadane etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Det betyr at tiltaket ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje påverka verneverdiane nemneverdig.

Kunnskapen om området er dokumentert gjennom forvaltningsplan for Nærøfjorden, forarbeidet til verneforskriftene og tidlegare erfaring med helikoptertransport i området. Hjortevalda har jaktterreng som går inn i villreinområde. Etter uttaket av villrein i Nordfjella villreinområde sone 1, er det berre i Raudafjell villreinområde det er villrein no. Villrein er ein sårbar og trua art (Naturbase 15.08.2023). Lågtflyging og landing med helikopter vil kunne uroa villreinen. Transporten føregår på hausten, og er utanfor den mest sårbare hekke- og kalvingstida. Det kan og vera andre artar som vert uroa av helikoptertransporten, og transporten bør avgrensast mest mogleg. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for å vurdera denne saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt vekt ved at det vert sett vilkår om å ikkje fly dersom villrein er i området der det skal vera landing.





**Figur 1 Kartet viser verneområda og villreinområda der det er storviltjakt. Kopi frå fylkesatlas**

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Det er aktivitet med motorisert ferdsle i desse fjellområda i samband med forskning og forvaltning av villreinen, og transport i samband med tiltak for å unngå smitte av skrantesjuke. I Bleia-Storebotnen er det i tillegg stor aktivitet med helikopterflyging i samband med bygging av ny kraftleidning gjennom området. Dette arbeidet skal vera avslutta i 2026. Det er vanskeleg å sei kva tid den samla belastninga er for stor i området, men det er viktig at det ikkje vert meir motorisert ferdsel enn det som er strengt naudsynt. Aurland hjorteutval rapporterte i fjor at det vart gjennomført 21 turar på 5 ulike dagar for utflyging av hjortevilt. Både villreintutvalet for Raudafjell, og villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, har uttalt at villreinen i Raudafjell har vorte negativt påverka av den høge aktiviteten med helikopter som har vore siste åra. Villreinnemnda seier vidare at villreinen ikkje skal uroast unødige, og at det bør vera ein høg terskel for å gje løyve til helikopterflyging etter villreinen er reetablert i Nordfjella villreinområde sone 1.



Tiltaka med å redusera bestandane av hjort og elg er knytt til brakkleggingsperioden i Nordfjellaområdet, og vil såleis vera i ein avgrensa periode. Forvaltar meiner bruk av helikopter for uttransport av storviltkjøt for nokre år er innanfor det ein kan rekna som akseptabelt når transporten vert avgrensa til det som er strengt naudsynt. I Aurland kommune er det mange små vald, og mange jegerar som jaktar. For å avgrensa helikopterflyginga bør transporten vera felles både innanfor eit vald, og for nabovalda. I fjellområda der det er villrein, bør transporten samordnast innafor villreinområdet for å gje færrast mogleg flygeturar, og færrast dagar med transport. For å nå måla om auka felling av hjort og elg i høgare liggande område og område kring Nordfjella villreinområde, bør det leggjast til rette for fleire flygingar på same dag. Søknaden om felles uttransport for fleire hjortevald gjev betre oversikt over transporten, og vil såleis kunne redusera belastninga med motorisert ferdsel i verneområda. Forvaltar rår til at all transport i samband utflyging av hjortevilt vert samordna i felles uttransport i brakkleggingsperioden.

I forarbeidet til verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde, er forbod mot motorferdsel omtalt. Det er særleg av omsyn til rovfuglar og anna vilt det er sett forbod om lågtflyging. I tillegg er det lagt vekt på at det skal vera minst mogleg støy av omsyn til friluftslivet. I Nordheimsdalen er det ikkje forbod mot lågtflyging, og det er opning for å søkja om uttransport av felt hjortevilt. Eit avgrensa tal landingar for uttransport av felt hjortevilt vil i liten grad påverka verneverdiane i naturreservatet, der føremålet med vernet er skogområde med plante- og dyreliv.

Det er lite ferdsel i fjellområdet der det er bruk for uttransport av felt hjortevilt, og det vil difor i liten grad uroa turgåarar. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorferdsle til å vera på eit akseptabelt nivå ved at transporten vert samordna i felles uttransport. Ved å avgrensa transporten til nokre dagar i samband med brakkleggingsperioden, vurderer forvaltar at denne transporten ikkje vil skapa presedens for seinare søknader om uttransport av felt hjortevilt. Motorferdselen er på denne bakgrunn vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremåla i verneområda der transporten skal føregå.

Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar, og er difor ikkje vurdert etter nml. § 11.

Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transporten godt. Store deler av kommunen har bratt terreng, og når det skal fellast mange dyr, kan lange avstandar og vanskeleg terreng vera eit hinder for å auka felling i heile kommunen. Kommunen uttalar at det er spesielt ynskjeleg med auka felling i Nordfjella-området, for å testa om det er smitte på hjorten eller elgen som vert felt. Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegerane si side, dvs. omfanget av kjøt skal vera større enn det ein kan forventa at jegerane kan bera ut av området. Det må minimum ha vorte felt eit dyr vakse dyr, eller fleire dyr for å nytte seg av uttransport med helikopter.

Aurland hjorteutval søkjer om 8 dagar med flyging i 2024, men me ser ikkje at det er kome noko auka behov eller nye argument som tilseier ei utviding i forhold til løyvet i 2023, derfor er det innstilt på 6 dagar i 2024 også. I verneområdet er det vanleg å setja vilkår om at det ikkje skal flygast på søndagar. For å redusera tal dagar med transport, og samtidig gjera transporten mest mogleg effektiv, vert det ikkje sett krav til flygedag, men at transporten skal vera samla innanfor 6 dagar. Jakta vil i stor grad føregå i helgene, og då er det mest effektivt å samla transporten til siste jaktdagen i helga. Dette har vore praksisen når transporten vart



utført i regi av SNO. Det vert vidare tilrådd transport til og med 15. november. I november er det truleg kome snø i høgareliggande område, og uro frå helikoptertransporten vil kunne ha større negativ effekt på viltet. Med dei vilkåra som vert sett, vurderer forvaltar helikoptertransporten som miljøforsvarleg (jf. nml. § 12) til dette spesielle føremålet med bestandsreduksjon av hjort og elg for å redusera faren for smitte av skrantesjuka.

### **Konklusjon**

Forvaltar vurderer løyvet til ikkje å påverka verneverdiane nemneverdig og å ikkje vere i strid med verneformålet. Dispensasjonen gjeld for eit år, og på bakgrunn av oppmoding frå staten om å redusera bestanden av hjort og elg. Når brakkleggingsperioden er avslutta, vil det ikkje vera grunnlag for å halda fram med utflyging av felt hjort med grunngjeving auka avskyting. På bakgrunn av vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskriftene, vurderer forvaltar at det kan gjevast dispensasjon til uttransport av felt storvilt med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Uttransport av felt hjortevilt frå Nordheimsdalen er vurdert med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat punkt V nr. 1



Arkivsaksnr: 2023/12691-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 03.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	35/24	10.09.2024

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2024 - Lægdene

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Dyrdal storvald løyve til lågtflyging og landing med helikopter for uttransport av felt hjortevilt som er felt i Lægdene i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyvet gjeld 2 utflygingar i perioden frå 10.09.2024 til og med 15.11.2024.

Løyve gjeld landingar og lågtflyging for inntil 2 utflygingar av felt vilt. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegerane si side, det vil sei at omfanget av kjøtt skal vera større enn det ein kan forventa at jegerane kan bera ut av området. Det må minimum ha vorte felt eit vakse dyr, eller fleire dyr for å nytte seg av uttransport med helikopter.
- Det er ikkje tillate med frakt av jegerar og anna persontransport inn og ut av området.
- Dette løyvet skal nyttast på same dagar som Aurland hjorteutval sin felles uttransport av felt hjortevilt for å minimalisere helikoptertrafikken.
- Transporten skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transport.
- Transport skal meldast til SNO (tlf. 97097720) dagen før transporten skal gjennomførast. Transport av felt hjortevilt innanfor Fjellheimen villreinområde skal føregå på ein slik måte at den ikkje uroar villreinen. Dersom det er kjennskap til at villreinen er i området der det er planlagt landing eller lågtflyging, kan SNO be om at transporten vert utsett
- Transportruta er frå Lægdene til parkeringsplass på Skard i Fresvik.
- Køyrebok skal førast før transporten tek til. Køyrebok og dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Rapport frå transporten skal sendast til sekretariatet for verneområdestyret innan 10.12.2024.





Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskriftene, og ikkje lov om motorferdsel. Det må sendast eigen søknad til Aurland kommune for landing med helikopter.

## Saksopplysningar

- Søknad om motorferdsel i verneområde for uttransport av felt hjortevilt, 28.08.24
- Nærøfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat – motorferdsel – uttransport av felt hjortevilt - saksprotokoll 29/23, 22.08.2023, *Nærøfjorden verneområdestyre*.
- Helikoptertransport av hjort-/elgslakt i Aurland, uttale *Aurland kommune*, 14.08.2023
- Vedtak i klagesak om løyve til uttransport av felt hjortevilt innanfor Nærøfjorden landskapsvernområde, *Miljødirektoratet*, 29.04.2024.


## Søknaden

«Søknad om utflyging av hjortevilt i Dyrdal-storvald nr 4641J0044 hausten 2024

*I samanheng med Aurland hjorteutval sin søknad om utflyging av hjortevilt, søker Dyrdalstorvald nr 4641J0044 om det same for området Lægdene.*

*I staden for at alle grunneigarar søker kvar for seg, har valdet bedt Arild Dyrdal om å søkje samla om 4 utflygingar i perioden 10. september til 31. oktober 2024.*

*Med helsing styret i Dyrdal Storvald»*





Kart frå søknad som viser flyruta.

### **Søknaden er vurdert i samsvar med**

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

### **Verneforskrift og verneformål**

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av planteog dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*».

Motorferdsel er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt 2.1. Landing med helikopter i samband med utfrakting av jaktutbytte er det ikkje opning for i dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova fyrste ledd og fyrste alternativ; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*»

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

Jakt er definert som ein aktivitet innan friluftsliv, og det vil vera høg terskel for å gje løyve til bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte, jf. forvaltningsplan for Nærøyfjorden. I område som vert vurdert som ekstremt bratt og med vanskeleg terreng, kan det vurderast å gje løyve til bruk av helikopter (forvaltningsplan s. 57). Nærøyfjorden verneområdestyre har gitt løyve til helikoptertransport for utfrakt av storviltkjøt frå hjortevalda Flenjane, Frondalen/Brekke, Horten og Stølshaug i tidlegare saker. Det har vore gitt løyve for fleire år.

Etter utbrotet av skrantesjuka i Nordfjella villreinområde sone 1 i 2017, har Miljødirektoratet v/SNO hatt tilbod om gratis uttransport av hjorteviltkjøt for å få felt meir hjortevilt kring Nordfjella. Dette har vore eit tiltak for å halda låge bestandar av hjort og elg for å redusera faren for spreining av skrantesjuka, spesielt i områda rundt Nordfjella sone 1. I tillegg meiner Miljødirektoratet at det er viktig å få ned talet på hjort og elg som oppheld seg høgt i terrenget, og har overlappende arealbruk med villrein i sone 1. Dette er område innanfor Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat, og område i Nærøyfjorden landskapsvernområde på austsida av Aurlandsfjorden. Jakt i desse høgareliggjande områda er krevjande ved at terrenget er vanskeleg tilgjengeleg, og det er utfordrande å frakta ut slakt. Miljødirektoratet avslutta ordninga med gratis utflyging frå og med jakta 2023. Dei vurderer utflyginga til å ha ein høgare kostnad enn nytteverdien med å redusera bestandane av hjort og elg, og i form av forstyrringar med motorisert ferdsl.



På spørsmål frå verneområdeforvaltninga til Aurland kommune om trongen for motorisert ferdsel for uttransport av felt hjortevilt, skriv Aurland kommune i 2023 at dei er bedne om å leggja til rette for høg felling og låg bestandstettleik som eit førebyggjande tiltak mot spreieing av skrantesjuka. Dette gjeld så lenge kommunane kring Nordfjella villreinområde er i brakkleggingsperioden der innføring av villrein i sone 2 vert vurdert. Aurland kommune og Aurland hjorteutval meiner utflyging av slakt gav høgare fellingstal generelt, og i høgjellet spesielt. Kommunal viltforvaltning rår på denne bakgrunn til at ordninga med utflyging bør halda fram til brakkleggingsperioden er over. Brakkleggingsperioden er over når villrein vert reetablert i Nordfjella sone 1. Forvaltar rår difor til at alle søknader om motorisert uttransport av felt vilt vert handsama samla for kvart år i brakkleggingsperioden.

Med bakgrunn i dette, vurderer forvaltar at det er heimel for å vurdere denne søknadane etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Det betyr at tiltaket ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje påverka verneverdiane nemneverdig.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden og Naturtypekartlegging av området. Lægdene ligg i Fjellheimen villreinområde. Fjellområda nær Lægdene vert nytta sporadisk av villrein, særleg på vinteren. Lægdene er registrert som sommar- og haustbeite for villrein. Det er registrert sårbare lav-artar i området (Naturbase 13.10.2023), men helikoptertransporten vil ikkje påverka desse artane. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 i naturmangfaldslova vert vurdert som godt for å vurdere denne saka. Føre-var prinsippet jf. nml § 9 er ikkje tillagt vekt i saka då kunnskapen om området er vurdert som god.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. For å redusere faren for spreieing av smitte frå skrantesjuka, har reduksjon av hjort- og elgbestanden i kommunane rundt Nordfjella villreinområde vore ei nasjonal målsetjing. Uttransport av felt storviltkjøt har vore eit av tiltaka for å auka avskytinga av hjort og elg i kommunane med areal i Nordfjella. Lægdene ligg i Aurland kommune, og har vore omfatta av dei same tiltaka, sjølv om dette området er i Fjellheimen villreinområde.

For at det framleis skal vera eit høgt uttak av hjortevilt i desse områda, har Aurland hjorteutval søkt om felles uttransport av felt hjortevilt for bestandsplanområdet både i 2023 og no i 2024. Bestandsplanområdet dekkjer heile Aurland kommune, men søknaden frå Aurland hjorteutval omfattar berre medlemsvalda. Området med Lægdene er ikkje eit av medlemsvalda. Verneområdestyret gav Aurland hjorteutval løyve til 6 dagar med landingar med helikopter i 2023. I år søker dei om 8 dagar, men forvaltar ser ingen grunn til å utvide løyvet, og innstiller på å gi Aurland hjorteutval 6 dagar med landingar med helikopter for uttransport av felt hjortevilt i år også. Forvaltar meiner difor det kan opnast for landing i området Lægdene også, men vil avgrense løyvet til 2 turar. Transporten skal vera samtidig med transporten som vert gjennomført i regi av Aurland hjorteutval.

I 2023 vart det søkt om ein utflyging av hjortevilt med helikopter frå Lægdene. Verneområdestyret gav løyve til denne flyginga, men dette løyvet vart påklaga av Villreinnemnda. Miljødirektoratet tok ikkje klagen til fylgje og stilte seg bak vurderingane i løyvet som var gitt. Det vart lagt vekt på at grunnlaget for gitt løyve var ein unntakstilstand med behov for auka uttak, og at løyvet hadde eit restriktivt omfang av motorferdsel med 1 tur som skulle gjennomførast samstundes med flyginga til Aurland hjorteutval. På bakgrunn av dette ynskjer ikkje forvaltar å auke omfanget til meir enn to turar i år. Turen frå Lægdene til



Skard er heller ikkje av dei mest krevjande i området, og forvaltar vurderer derfor behovet for flyging, og effekten av uttak av hjort ved å gje løyve til flyging, som lågare enn for mange andre område.

Det er lite ferdsel i Lægdene der det er bruk for uttransport av felt hjortevilt, og flyging vil difor i liten grad uroa turgåarar. På grunn av at det er lite ferdsel og uro, er dette eit område der hjortevilt og anna vilt er skjerma. Det vil vera av stor verdi både for vilt og friluftsliv at området framleis kan vera skjerma for uro. Med 2 utflygingar med helikopter, vurderer forvaltar at den samla belastninga av motorferdsle er på eit akseptabelt nivå. Ved å avgrensa transporten til å vera i samband med brakkleggingsperiodoen, og på same dagar som Aurland hjorteutval, vurderer forvaltar at denne transporten ikkje vil skapa presedens for seinare søknader om uttransport av felt hjortevilt. Motorferdselen er på denne bakgrunn vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet.

Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar, og er difor ikkje vurdert etter nml. § 11.

Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transporten godt. Tiltakshavar skal fly innafor dei 6 dagane som Aurland hjorteutval flyr. Forvaltar vurderer helikoptertransport som naudsynt for å auka fellinga av hjort i den spesielle situasjonen med skrantesjuka, og vurderer transport med helikopter som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Jegerane bør vera restriktive med å nytta uttransport med helikopter. Det vil seie at omfanget av kjøt skal vera større enn det ein kan forventa at jegerane kan bera ut av området. Det må minimum ha vorte felt eit vakse dyr, eller fleire dyr for å nytte seg av uttransport med helikopter

## **Konklusjon**

Forvaltar vurderer løyvet til ikkje å påverka verneverdiane nemneverdig og å ikkje vere i strid med verneformålet. Dispensasjonen gjeld for eit år, og på bakgrunn av oppmoding frå staten om å redusera bestanden av hjort og elg. Når brakkleggingsperioden er avslutta, vil det ikkje vera grunnlag for å halda fram med utflyging av felt hjort med grunngjeving auka avskyting. På bakgrunn av vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskriftene, vurderer forvaltar at det kan gjevast dispensasjon til uttransport av felt storvilt med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.





Arkivsaksnr: 2024/11943-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 03.09.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	36/24	10.09.2024

## Nærøyfjorden landskapsvernområde - Styvi - rampe - av- og påstigning frå båt - Aurland hamnevesen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland Hamnevesen lov til å ha ei rampe til av- og påstiging på kaia på Styvi.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Rampa som er plassert på kaia i dag, med ein storleik på 1x6x0.5 m (gj. snitt) + eit lett rekkverk, kan bli ståande.
- Rampa skal ferdigstillast slik at den ser mindre halvferdig ut enn den gjere i dag, jf. fig. 2. Fylgjande tiltak som rettast:
  - o Alle plankeendar som stikk lenger ut enn nødvendig skal kappast av
  - o Stolpane til rekkverket skal ha same nedre avslutninga (anten i flukt med landgangen eller heilt i bakken).
  - o Dei to brune plankane på sida av plattformen skal bytast ut med same impregnerte materiale som er i resten av rampa.
  - o Frist for å rette desse tiltaka er 31.10.2024.
- Rampa skal ikkje malast eller behandlast på anna vis, men skal få gråne naturleg for å gå mest mogleg i eitt med kaia.
- Rampa kan skruast fast i kaidekket for at den skal stå trygt.
- Rampa skal haldast i god stand, og fjernast frå verneområdet dersom den blir øydelagt eller ikkje lenger er i bruk.

### Saksopplysningar

Aurland Hamnevesen eig kaia på Styvi. Dei har der satt opp ei rampe for å betre sikkerheita ved på- og avstigning til båtane til The Fjords ved høgvatn. Etter å ha blitt gjort merksam på at dette blir å rekne som ein fast installasjon som ikkje er lov etter verneforskrifta, har dei sendt inn søknad om dispensasjon for å ha rampa ståande.



Dokument i saka:

- Søknad om plassering av rampe på kai – Styvi, motteken frå Aurland hamnevesen 09.08.2024.
- Supplerande informasjon på e-post frå Aurland hamnevesen og kapteinane på Future of the Fjords og Legacy of the fjords.

Frå søknaden:

*Aurland hamnevesen KF søker om dispensasjon frå, eller løyve i høve, verneforskrifta for plassering av rampe på kaia på Styvi. Rampen nyttast i samband med av- og påstiging ved høg vasstand. Bakgrunnen for utplasseringa er ynskje frå the Fjords om at slikt utstyr vart plassert ut, som følgje av at helse-, miljø- og tryggleik ikkje var godt nok ivareteke.*

*Me orsakar at det ikkje var søkt på førehand. Me var ikkje klar over at slikt utstyr kunne verte definert som varig tiltak.*


I tillegg til søknaden har to av kapteinane på båtane sendt inn supplerande informasjon om kvifor denne rampa er viktig for dei. Dei meiner rampa er nødvendig å bruke i kombinasjon med båten sin medbrakte gangveg for å få ein trygg ombord- og ilandstigning.

*Grunnet tidevannsforskjeller, og en relativt lavtliggende kai er vi i The fjords avhengig av en rampe på land for å kompensere for høydeforskjellen som oppstår ved høyvann. Denne rampen gjør at gangvei om bord kan legges mer eller mindre vannrett fra fartøy til land, og dermed tilgjengelig for de aller fleste.*

*Grunnet flere uheldige situasjoner med fartøyets gangvei som mer eller mindre står rett opp og ned uten rampe, som igjen førte til en utrygg på- og avstigning; ble det opprettet en dialog med Aurland Havnevesen om å lage en rampe, slik at vi kunne fortsette med å hente og levere passasjerer til Styvi. Etter at rampen ble montert har vi ikke hatt noen hendelser ved av- og påstigning som har virket utrygge.*

Søkarane meiner den rampa som er satt opp i dag er den beste løysinga. Skulle dei hatt ein lengre gangveg om bord i båten måtte dei også auka talet på mannskap for å klare å løfte den på plass. Ei eventuell flyttbar rampe dei kunne kjøpt inn og hatt på kaia på Styvi meiner dei ville vore endå meir synleg, då den ville vore i aluminium. Det er heller ikkje nokon god plass på kaia å trille ei flyttbar rampe til for at den skal vere mindre synleg.

Forvaltar har vore i kontakt med grunneigarane på Styvi, som ikkje har nokon innvendingar mot at rampa blir ståande. Dei har derimot fått ein del kommentarar frå besøkande som synes den er skjemmaende, både fordi den er dominerande i landskapet, og fordi sjølve konstruksjonen i seg sjølv ikkje er noko fin.



Figur 1. Bilete frå søknaden som viser rampa og plasseringa på kaia på Styvi.



### **Søknaden er vurdert i samsvar med**

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 2008
- Besøksstrategi – Verneområde i Nærøfjordområdet, rapport nr 1, 2020

### **Verneforskrift og verneformål**

Formålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:

*«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, til dømes oppføring av faste innretningar. Ei rampe på eit par hundre kilo, utan hjul, og som er tenkt å stå fast på ein plass over lengre tid blir å rekne som ein fast installasjon.

Oppføring av denne type innretning er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må derfor vurderast etter naturmangfaldlova § 48, fyrste ledd; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

Området Styvi-Holmo er eit av dei viktigaste tradisjonelle kulturlandskapsområda i Nærøfjorden landskapsvernområde. Grunneigar legg ned ein stor arbeidsinnsats for å halde området i hevd, og verneområdestyret brukar mykje ressursar på å ta vare på kulturlandskapet her. Samtidig er det eit viktig turområde, med den gamle postvegen som ein populær turveg. Ettersom Styvi er ei veglaus grend er ein avhengig av båt for å komme seg hit. Styvi og Dyrdal er dei einaste to plassane langs Nærøfjorden med båtstopp, og som ein dermed kan komme seg til utan å ha eigen båt.

Kunnskapen om naturverdiar i området er god, jf. nml § 8, og rampa som er satt opp er plassert ytst på ei stor trekai, og vil derfor ikkje påverke sårbar natur eller trua artar direkte. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka. Det at fleire besøkande har kommentert at installasjonen er skjemmaende er derimot ein indikasjon på at den er godt synleg i landskapet.

Ettersom denne søknaden skal handsamast etter § 48 i naturmangfaldslova må forvaltar vurdere om tiltaket strider mot vernevedtakets formål eller kan påverke verneverdiane





nemneverdig. Ein stor del av formålet med vernet er å ta vare på kulturlandskapet skapt gjennom aktiv landbruksdrift. Styvi er eit aktivt landbruksområde, og forvaltar kan ikkje sjå at ein tre-installasjon på ei etablert kai her er i strid med formålet med vernet.

Den verneverdien som kan tenkast å bli påverka er landskapet. Rampa i seg sjølv er ein relativt stor installasjon, på 6 meters lengde og ei gjennomsnittleg høgde på 0,5 meter + rekkverk. På nært hald kan den sjå ganske dominerande ut, spesielt når den ikkje er i bruk. Samtidig er den ikkje plassert i eit urørt naturområde, men på eit relativt stort kaianlegg med bygningar i bakkant.

Slik rampa står i dag ser den nokså uferdig ut, mellom anna med plankeendar av ulik lengde som stikker lenger ut enn nødvendig, ulik lengde på stolpane til rekkverket og ulik farge på materialen som er brukt (Figur 2). Forvaltar trur inntrykket besøkjande får av rampa vil bli betre dersom desse tinga blir retta opp og det blir gjort litt meir flid med ferdigstilling av rampa. Med tida vil treverket på sidene og rekkverket gråne og likne meir på fargen på kaidekket. Den vil då passe betre inn og verke mindre dominerande.



Figur 2. Rampa med eksempel på ulike punkt som kan forbetrast. Lista er ikkje uttømmende.  
a. Treng rekkverket å stikke lenger ut enn rampa? Det må i alle fall sikrast at endane er like lange. b. Ein av stolpane til rekkverket er kutta ved rampa, dei andre går i bakken. Dette må vere likt. c. skråskjere plankeendar slik at dei passar. d. Byte ut dei to brune plankane med same material som er brukt på resten av rekkverket.



Ei slik rampe er eit tiltak som er lite aktuelt å sette opp andre plassar i verneområdet, då dette per i dag er den einaste kaia i verneområdet som er stor nok til at båtar av denne storleiken kan legge til. Det er derfor liten sjanse for at saka gir presedens til liknande saker. Tilsvarande ramper er sett opp på kaiene i Dyrdal og Undredal, men dette er utanfor verneområdet. Totalt sett vurderer forvaltar at den samla belastninga av tiltaket vil vere akseptabel, jf. nml. § 10, og at verneverdiane ikkje blir påverka nemneverdig, jf nml. § 48.

Rampa gjer det lettare å gå av og på The Fjords-båtane på Styvi ved flo sjø, og aukar sikkerheita vesentleg for dei som skal i land og om bord. Søkar meiner den er naudsynt for at helse-, miljø- og tryggleik skal vere godt nok ivareteke. Dei meiner å det ikkje finnes noko betre alternativ som vil vere mindre skjemmaende, som ikkje samtidig vil krevje betydeleg meir ressursar å bruke. Med dei endringane som blir sett vilkår om i denne saka, vurderer forvaltar at denne rampa er miljøforsvarleg og ein god samfunnsmessig løysing, jf nml. § 12. Dersom rampa likevel skulle forårsake skade eller forsøpling, t.d. dersom den blir øydelagt eller blåser på sjøen, har Aurland Hamnevesen ansvaret for å rydde opp, jf nml. §11. For å redusere sjansen for dette kan rampa skruast fast i kaidekket. Rampa skal fjernast dersom den ikkje lenger er i bruk.

## **Konklusjon**

Rampa på kaia på Styvi er eit tiltak som er viktig for ilandstiging på Styvi med tanke på betre sikkerheit for dei som skal gå av og på ved flo sjø. Sjølv om tiltaket er godt synleg, er det på eit allereie bebygd område med aktiv landbruksdrift, og forvaltar meiner det ikkje vil påverke landskapets art og karakter vesentleg. Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og at det ikkje vil vera i strid med verneføremålet. Forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldslova.